



Sak nr D-	Vår dato:	Vår referanse:
	16.06.2021	2021/2974-023
Vår saksbehandlar:	Direkte telefonnr.:	Dykkar dato:
Alf Helge Greaker		20.04.2021
		Dykkar referanse:
		2022/2254

VESTLAND fylkeskommune

HØYRINGSFRÅSEGN BØMLO KOMMUNE - PLANPROGRAM FOR REGIONAL PLAN FOR KLIMA 2022 – 2035

–

Synar til høyringsbrev 20.04.2021 og høyringsutkast til planprogram for Regional plan for klima 2022 – 2035.

Her følgjer ei administrativ fråsegn.

Bømlo kommune stiller seg i hovudsak bak innhaldet i framlegg til planprogram. Det er bra at ein har lagt opp til (digital) medverknad undervegs for kommunane.

Det er positivt at naturmangfald og sosial ulikskap blir eit plantema. Dette er viktige tema som tidlegare ikkje har vore særleg synlege i tidlegare regionale klimaplanar.

Me ser med spenning på at fylkeskommunen tek i bruk og ser på ulike nye styringsverktøy i klimaarbeidet. Dette kan ha stor overføringsverdi til kommunane, som omtala i punkt 3.1. Særleg for små- og mellomstore kommunar, med få faglege tilsette og kor kanskje ingen berre har klima som arbeidsfelt, kan dette vere svært verdifullt å vere med på å ta i bruk. Difor vil me spele inn at tema kunnskapsoverføring, utover medverknadsarbeidet i utformingsfasen, får ein plass i hovudplanen og handlingsdelane.

Til del 5 Framdriftsplan vil me peike på at høyringsperioden for hovudplanen kan synast å vere kort, i alle fall om ein ønskjer politiske fråsegn frå kommunestyra. Med atterhald om endringar i eigen møtekalender så er vår møtestruktur slik at det er kommunestyremøte i juni 2022, men alle saksdokument må i praksis vere ferdige til utval og formannskap, seinast i midten av mai (i år var frist for ferdigstilling 19.05). Om høyringsframlegget til klimaplan kjem i mai 2022, som skissert, blir det svært kort tid å førebu saka administrativt saman med ei fagleg anbefaling.

Anten håpar me at høyringsutkast kjem seinast april, eller at høyringsfristen blir etter september 2022, som i gjeldande møtekalender, er neste kommunestyremøte i kommunen vår.

Utover dette har ikkje Bømlo kommune nokon merknadar og ønskjer lykke til med det vidare planarbeidet.

Med helsing
Bømlo kommune

Alf Helge Greaker
samfunnsplanlegger

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift